



**ALVER**  
KOMMUNE

# Elevpermisjonar

Retningsliner for søknad om permisjon  
frå grunnskuleopplæringa

30.06.2023

## Reglar for skulefri for elevar utanom skuleferiar og fridagar i skuleruta

For å læra er det viktig at elevane er til stades i skuletida. Reglane for skulefri er for å sikra likebehandling av søknader om permisjon, og for å redusera omfanget av fråvær.

Opplæringslova § 2-1  *Rett og plikt til grunnskoleopplæring*, fastslår i 1. og 5.ledd:

*Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikten kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarande opplæring.*

(...)

*Dersom ein elev utan å ha rett til det har fråvære frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktlaust.*

Opplæringslova § 2-11  *Permisjon frå den pliktige opplæringa*, fastslår:

*Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.*

### Vedtaksmynde

Kommunen har delegert til den einskilde rektor å handsama permisjonssøknader i samsvar med opplæringslova § 2-11. Søknader om permisjon skal sendast til skulen der eleven går. Søknader som gjeld 3-10 dagar skal sendast inn og vera skulen i hende i god tid før permisjonsperioden.

### Vurdering av søknader

Søknad om permisjon etter første ledd krev ei todelt vurdering.

Skulen må først ta stilling til om det er **forsvarleg** at eleven får permisjon. Det som er forsvarleg for ein elev, kan vera uforsvarleg for ein annan. Dersom skulen kjem til at det ikkje er forsvarleg å innvilga permisjon, skal søknaden avslåast.

I vurderinga om permisjon er forsvarleg er dette relevante moment:

- Eleven si faglege utvikling
- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- Eleven sin permisjonshistorikk og fråværshistorikk

Dersom skulen finn det forsvarleg å innvilga permisjon, skal dei deretter vurdere **om eleven faktisk kan få permisjon**. Dersom skulen kjem til at dei ikkje kan innvilga permisjon, skal søknaden avslåast.

I Alver skal det ikkje gjevast permisjon i periodar med førebuing og gjennomføring av:

- Obligatoriske statlege kartleggingar
- Nasjonale prøvar
- Munnleg og skriftleg eksamen

### **Lengda på permisjon**

Opplæringslova si maksimale grense for permisjon er to veker og den grensa er ufråvikeleg. Verken rektor, eller statsforvaltar kan innvilga samanhengande permisjon i meir enn to veker. Rektor må dermed avslå alle søknader som gjeld permisjon for ein periode på meir enn to veker.

Dersom rektor gjev permisjon i for og/eller etterkant av ein skuleferie, må det ikkje vera slik at eleven sitt fråvær vert meir enn 2 veker.

To veker er to veker uavhengig av kor mange av dagane som er skuledagar.

### **Ugyldig fråvær**

Dersom dei føresette vel å ta eleven ut av skulen, enten utan å ha søkt, eller utan å ha fått innvilga (heile) søknaden sin, vil eleven få ugyldig fråvær for den delen av søknaden som eventuelt ikkje er innvilga.

### **Sakshandsaming**

Føresette legg inn søknad om elevpermisjon i det skuleadministrative systemet. Søknadar på opptil 2 dagar kan handsamast av kontaktlærar. Gjeld søknaden for 3-10 dagar, er det rektor som skal handsame søknaden.

Ved avslag på permisjon skal dette grunngjevast med kvifor fråværet ikkje vert rekna som forsvarleg, eller kvifor fråværet ikkje kan innvilgast sjølv om det kan reknast som forsvarleg.

Ved avslag skal føresette skriftleg informerast om klagerett og klagevilkår.